

Årsmelding

Folgefonna nasjonalparkstyre

2016



1. Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilliggjande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar dei fem kommunane Etne, Jondal, Kvinnherad, Odda og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km², og av dette utgjer nasjonalparken 545 km²

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 15. mars 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
<i>leiar</i>	Jon Larsgard	Reidun Haugen Dalseth	<i>Jondal kommune</i>
<i>nestleiar</i>	Siri Klokkestuen	Ingemund Berge	<i>Etne kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Leif Sverre Enes	Olav Gunnar Hjelmeland	<i>Kvinnherad kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Solfrid Borge	Kåre Olav J. Grønsnes	<i>Ullensvang herad</i>
<i>styremedlem</i>	Roald Aga Haug	Linda Haugland Jondahl	<i>Odda kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Benthe Bondhus	Olav Magnus Hammer	<i>Hordaland fylkeskommune</i>

Styret har hatt fire ordinære styremøter i 2016. Det var ein synfaring i samband med andre styremøte 2. juni. I tillegg var det tre epost-handsamingar i arbeidsutvalet.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår.

4. og 5. april var forvaltar og to representantar for styret på kompetansesamlinga «Nasjonale juvelar – forvalta lokalt», ei regional samling for alle verneområdestyra på Vestlandet.

2. Saker

Type	Saker	Motorferdsel	Administrative saker	Dispensasjonar	Søknad om stønad
ST	26	2	21	5	2
DS	20	20			
AU	3	1	1	1	
IV*	4				
	49	23	22	6	2

*Det kom inn 4 søknader om å flyge med drone i 2016. Disse vart besvart av forvaltar, men ikkje handsama, då det ikkje er forbode å fly med drone i verneområda våre.

Besøksstrategi:

Verneområdestyret vedtok i 2016 å utarbeide ein besøksstrategi for landskapsvernområdet. Besøksstrategien skal bidra til at besøkande til landskapsvernområdet skal få best mogleg opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, utan at dette går ut over natur- og verneverdiar. Alle nasjonalparkar og store verneområde skal ha på plass besøksstrategi innan 2020. Besøksstrategien vil då vere eit viktig styringsdokument for prioritering av tiltaksmidlar og andre ressursar.

3. Tiltak / bruk av midlar

I 2016 fekk Folgefonna nasjonalparkstyre tildelt totalt 900 000 over bestillingsdialogen. I tillegg har nokre tiltak vorte finansiert gjennom Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark, då det vart

Bruken av tiltaksmidlane:

Skildring	Budsjett	Pr 01.01.2017
Innfallsport Ænes.	500 000	x
Resterande skilting av Buførevegen/Pilegrimsvegen	25 000	x
Restaurering av Ridestien Tokheimslia. Setje opp vardar slik det var planlagt i 2002	100 000	x
Uttak av gran langs stien til Reinanuten i Buerdalen	100 000	x
Rydding og vedlikehald av turstien inntil Buerbreen	70 000	Utsett til 2017
Midler til skjøtsel og vedlikehald av turveg i Bondhusdalen landskapsvernområde	50 000	x
Restaurering av Gardshammarvegen	50 000	Ikkje gjort
Oppgradering av tursti langs Hattebergfossen. Del 1: Uttak av gran	100 000	Utsett
Bestille oppdrag: Naturfagleg vurdering av sårbarhet i verneområda	65 000	x
Spørjeundersøking ved besøksmål	15 000	x
Bord og benker på Buer (omdisponert)		70 000
		925 000

4. Forvaltar

Nasjonalparkforvaltaren vart tilsett 1. februar 2016 og har jobba i 60 % heile året. Forvaltaren har kontorstad i nye Folgefonnsenteret.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2016:

- 4.-5.april, Kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyre.
- 30.-31.mai, samling med verneområdeforvaltarane i Sogn og Fjordane i Aurland.
- 27.-28. oktober, temasamling for verneområdeforvaltarar i Sogn og Fjordane
- 8.-9. november, Nasjonalparkkonferanse i Trondheim.

Møteverksemd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2016. Mellom anna:

- Avdelingsmøter og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter med Odda kommune og SNO om stien til Buer
- Synfaring med Bjørn Buer i samband med granhogst

I tillegg har nasjonalparkforvaltaren vore på fleire synfaringar og turar i og rundt verneområda.

5. Vedlegg

- Rekneskap frå Fylkesmannen 2015 -2017
 - Prosjektnummer 12835: Drift av Folgefonna nasjonalparkstyre
 - Prosjektnummer 15896: Midler til tiltak i større verneområde drifta av nasjonalparkstyre